



IMDI

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/235 - 23/7185

Saksbehandlar:

Rita Ludvigsen

rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no

Dato:

22.08.2023

## Svar på ny oppmoding om mottak av flyktningar

Masfjorden kommune viser til justert oppmoding om busetting av flyktningar frå IMDI for 2023 Jfr. 22/235-28 med frist 31.08.23 for å svara.

Rådmannen i Masfjorden har fått delegert mynde til å svara ut henvendinga frå UDIR.

Kommunen har i 2023 tidlegare svart ut at ein har vedtatt å busetja 21 flyktningar. Vi vert no oppmoda om å busetja 50 , noko vi ser vert vanskeleg i forhold til bustader og opplæring.

Vi vil koma i møte denne nye oppmodinga med gjera vedtak om å sei ja til å busetja **10** nye flyktningar til i 2023.

Vårt totale tal for 2023 vert då 31 med dei 10 nye vi no vedtar å busetja.

**Vi ser via brev av 27.06.23 at der er tekniske utfordringar i IMDI sitt fagsystem, og vi ber difor om at vårt nye vedtakstal på 10 vert registrert inn i IMDI.**

**Vedtaksstalet på 10 skal fordelast på einslege vaksne/familiar.**

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen

Rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Rita Ludvigsen

oppvekstleiar

**Mottakarar:**

IMDI

Kommunesektorens organisasjon